

Martin bommar røyk

No har Ali vore i praksis i ca 4 månadar og han begynner å bli betre kjend med både arbeidsplassen og kollegaene. Det er mange hyggelege folk her, men Ali er ikkje like trygg på alle. Han tenker av og til at der kanskje er nokre som ikkje liker utlendinger, men ingen har sagt noko negativt til han. Dei fleste dagane går det heilt fint.

Martin er ein kollega. Han er 30 og alltid hyggeleg mot Ali. Han spør korleis det går, kva Ali har gjort i helga osv.

Dei bruker å ha røykepause saman. Ein dag spør Martin om han kan bomme ein røyk av Ali. Ali har berre 1 røyk igjen i pakken, men gir sjølvstelt røyken til Martin. Noko anna vil vere utenkeleg.

I neste pause kjem Martin til Ali og gir han ein røyk tilbake. Martin har fått denne røyken av ein annan kollega. "Takk for lånet", seier Martin. Då blir Ali både litt fornærma og lei seg. Kvifor gir Martin røyken tilbake? Ali protesterer nokså sterkt og vil ikkje ta i mot. Då blir Martin overraska og litt irritert. Ingen av dei forstår den andre og situasjonen blir både ubehageleg og rar.

